



Innleiing

Sogn Friluftsråd er friluftsrådet som held til inst i Sognefjorden. Fjorden bind saman våre medlemskommunar Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster. Vi skal vi arbeide for eit attraktivt og tilgjengeleg friluftsliv i Sogn. Saman med kommunane og frivillige organisasjonar skal vi arbeide for at våre innbyggjarar får oppleve livsvarig friluftsglede, heile året!

Styret i 2024 vart samansett slik:


Leiar: Kristin Rundsveen Bøtun
Nestleiar: Geir Svendsen
Linn Janette Underdal Skarsbø
Camilla Grøttebø
Henrik Foss
John Olaf Røhme

Vara: Joakim Systaddal
Espen Skjerven Holen
Reinhardt Sørensen
Ole Ramshus Sælthun
Stine Ohrvik
Perdy Hesjevoll

I praksis er det Espen Skjerven Holen og Ole Ramshus Sælthun som har fungert som styremedlemer for høvesvis Vik kommune og Lærdal kommune.



Første styremøte 08. mars 2024



Sognefjorden bind i hop medlemskommunane Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster

Oppstartsåret 2024

Sogn friluftsråd såg dagens lys i skipingsmøte i representantskapet 16. februar. Året før hadde prosjektleiar Harald Otterstad (p.t. dagleg leiar) vore rundt i alle kommunane for å forankre initiativet om eit interkommunalt friluftsråd i regionen, før vedtak i kommunestyra om å slutte seg til prosessen vart fatta på tampen av 2023.

I oppstartsåret har vi vore opptekne av å kunne syne til nokre kortsiktige resultat, parallelt med å rigge organisasjonen for åra som kjem. Av kortsiktige resultat kan vi syne til: 1) Friluftsskular i alle medlemskommunane, 2) Badebøyer i Eide, 3) Ryddedag i norskopplæringa, 4) Fjordkveld på Meieriet og 5) Mobilisering til «Rein Sognefjord 2024»

I gjennomføringa av ulike aktivitetar har vi samarbeidd med organisasjonar som Framtidshavet, Høgskulen på Vestlandet, Naturvernforbundet, Redningsselskapet, SIMAS, Fjordane friluftsråd, Sjøspretten, Sogndal FHS, Vestland fylkeskommune og medlemskommunane våre.

Det gått med mykje tid til søknadsskriving og å hente finansiering. På tampen av året gjekk vi frå 1 til 3 tilsette i friluftsrådet, noko som naturlegvis er ei stor milepåle fram mot dei komande satsingane våre. 1. desember vart Anna Kobbeltvedt og Steinar Nes tilsett i friluftsrådet. Saman med dagleg leiar utgjer dette 2,5 årsverk ved utgangen av året.

Anna Kobbeltvedt, rådgjevar friluftsliv

Fast 100 % stilling. Skal jobbe med tilrettelegging og statleg sikring av friluftslivsområde.

Steinar Nes, prosjektleiar StikkUT!

50 % stilling, i 12. mnd engasjement. Skal jobbe for å etablere og drifte den landsdekkande turtrimmen StikkUT! i vår region.

Prosjekt

Friluftsskulane i Sogn

Friluftsskulen er ei nasjonal satsing leia av Den Norske Turistforening og Friluftsrådernes Landsforbund. Dette er eit lågterskel ferietilbod i nærmiljøet for born og ungdom, med hovudfokus på 10-13 åringar. Målet med Friluftsskulen er å gi deltakarane ein lystbetont introduksjon til friluftslivet. Friluftsskulen skal er gratis og open for alle.

Sommaren 2024 arrangerte vi totalt 11 friluftsskular rundt om i våre medlemskommunar. Til saman aktiviserte vi 331 born og unge gjennom 5 veker i sommarferien. Dei fleste friluftsskulane var fullteikna og nokre hadde lange ventelister. Dette understrekar viktigheita av varierte fritidstilbod for born og unge. Vi har fått svært mange gode tilbakemeldingar på friluftsskulane våre og vi tek sikte på å vidareføre dette tilbodet i åra som kjem.



Friluftsskule i Aurland sommaren 2024

Badebøyer i Eide

Sommaren 2024 satt vi ut badebøyer i vatnet ved badestranda i Eidet. Sogndal kommune betalte for badebøylene, og friluftsrådet sette dei ut i samarbeid med frivillige frå Redningsselskapet. Redningsskøyta RS 167 UNI Sognefjord vart nytta til arbeidet.



Badebøylene i Eide, Sogndal

Ryddedag med norskopplæringa

I samarbeid med organisasjonane Framtidshavet og In the Same Boat utførte vi ein «test-dag» med Sogndal opplæringssenter i august 2024, der vi prata om utfordringane innandørs før vi reiste ut og rydda etterpå. Det var ein svært vellukka dag, og vi opplevde at det var eit sterkt engasjement blant dei aller fleste deltakarane. Vi ynskjer å gjennomføre tilsvarande dagar i alle medlemskommunane i 2025.



Engasjerte elevar i norskopplæringa i Sogndal syner fram "fangsten" etter ryddedagen.

Fjordkveld på Meieriet

Fjordkveld på Meieriet blei arrangert i slutten av august. «Fullt hus» denne kvelden vitnar om eit uforløyst fjordengasjement der ute. Formålet med denne kvelden var å rette søkelyset på miljøtilstanden i Sognefjorden og bygge engasjement i forkant av ryddeaksjonen Rein Sognefjord 2024. Arrangementet blei arrangert i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Naturvernforbundet Indre Sogn og stiftinga Framtidshavet.



Styreleiar i Framtidshavet Kenneth Bruvik med eit engasjerande innlegg om marin forsøpling. Her illustrert med «plastkvalen» på Sotra.

Strategiprosess

Hausten 2024 har det blitt gjennomført innspelsmøter som del av strategiprosessen i Sogn friluftsråd. Føremålet med prosessen har vore å belyse behova på friluftslivsfeltet i medlemskommunane og trekke ut fellesnemnarane som går att i heile regionen.

Innspelsmøte blei gjennomført med kommuneadministrasjon på dagtid, og med organisasjonar og andre interessentar på kveldstid. Til saman blei det gjennomført 12 innspelsmøter. Med utgangspunkt i innspel frå møta har vi fått grundig innsikt behova i regionen, men også fått innspel på kva rolle friluftsrådet bør ta i vår region. På denne måten kan vi lettare stake ut kursen for det nystifta friluftsrådet, og definere satsingar for dei neste åra.

Vi fekk inn over 500 innspel i møta. Resultata syner at det er mange felles behov blant kommunane i regionen. Kommunane er nokså samstemte om kva rolle friluftsrådet bør ha, og vår hypotese om at det tettstadsnære og fjordnære friluftslivet er eit tomrom friluftsrådet kan fylle, ser ut til å stemme. Aktivitet for born og unge og tiltak for å gjere friluftslivet tilgjengeleg for fleire bør ha høg prioritet. Friluftsrådet er elles ynskja til regionen, men rolleavklaring opp mot eksisterande organisasjonar blir viktig.



Siste innspelsmøte var med administrasjonen i Vik kommune, 13. januar 2025.

Rekneskap 2024

Innhald

1. Økonomisk oversikt – Drift.....	7
2. Økonomisk oversikt – Balanse	8
3. Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar – drift.....	9
4. Andre oversikter.....	9
4.1 Oversikt over bunde fond og disposisjonsfond	9

1. Økonomisk oversikt – Drift

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2024	Regulert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2023
Driftsinntekter				
Salsinntekter	-	-	-	-
Refusjonar	- 883 466 -	1 206 900 -	1 206 900	-
Overføringar	- 1 358 750 -	680 000 -	680 000	-
Andre driftsinntekter	- 700 000	-	-	-
9 Sum driftsinntekter	- 2 942 216 -	1 886 900 -	1 886 900	-
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter	-	-	-	-
Kjøp av varer og tenester	298 911	350 000	350 000	-
Overføringar og tilskot til andre	4 027	-	-	-
Avskrivningar	-	-	-	-
Andre driftsutgifter	1 974 049	1 250 000	1 250 000	-
Sum driftsutgifter	2 276 987	1 600 000	1 600 000	-
Brutto driftsresultat	- 665 229 -	286 900 -	286 900	-
Finansinntekter				
Renteinntekter	- 205	-	-	-
Renteutgifter	118	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-	-
Netto finansutgifter	- 87	-	-	-
Motpost avskrivningar	-	-	-	-
Netto driftsresultat	- 665 315 -	286 900 -	286 900	-
Disp. eller dekking av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	-	-	-	-
Avsettingar til bundne driftsfond	458 750	-	-	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
Avsettingar til disposisjonsfond	206 565	286 900	286 900	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
Dekking av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	665 315	286 900	286 900	-
Framført til inndekking i seinar år (meirforbruk)	-	-	-	-

2. Økonomisk oversikt – Balanse

Oversikt - balanse	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	-	-
I. Varige driftsmidler		
1. Faste eigendommer og anlegg	-	-
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	-	-
II. Finansielle anleggsmidler	-	-
1. Aksjer og andelar	-	-
III. Immaterielle eigendeler	-	-
IV. Pensjonsmidler	-	-
B. Omløpsmidler	-	-
I. Bankinnskudd og kontanter	-	-
II. Finansielle omløpsmidler	-	-
III. Kortsiktige fordringer	51 103	-
1. Kundefordringer	-	-
2. Andre kortsiktige fordringer	1 768 425	-
3. Premieavvik	-	-
Sum eiendeler	1 819 528	-
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital		
I. Egenkapital drift		
1. Disposisjonsfond	316 565	-
2. Bundne driftsfond	818 750	-
3. Merforbruk i driftsregnskapet	-	-
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	-	-
II. Egenkapital investering	-	-
1. Ubundet investeringsfond	-	-
2. Bundne investeringsfond	-	-
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	-	-
III. Annen egenkapital	-	-
1. Kapitalkonto	-	-
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-	-
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	-	-
D. Langsiktig gjeld	-	-
I. Lån	-	-
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	-	-
2. Obligasjonslån	-	-
3. Sertifikatlån	-	-
II. Pensjonsforpliktelse	-	-
E. Kortsiktig gjeld	-	-
I. Kortsiktig gjeld	-	-
1. Leverandørgjeld	-	-
2. Likviditetslån	-	-
3. Derivater	-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	684 213	-
5. Premieavvik	-	-
Sum egenkapital og gjeld	1 819 528	-
F. Memoriakonti	-	-
I. Ubrukte lånemidler	-	-
II. Andre memoriakonti	-	-
III. Motkonto for memoriakontiene	-	-

3. Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar – drift

§ 5-9 Drift	Rekneskap 2024
1. Netto driftsresultat	-665 315
2. Avsettingar til bundne fond	458 750,00
3. Bruk av bundne driftsfond	-
4. Overføring til investering i henhold til årsbudsjett og fullmakter	-
5. Avsetting til disposisjonsfond i henhold til årsbudjett og fullmakter	286 900
6. Bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudjett og fullmakter	-
7. Budsjettert dekking av tidlegare års meirforbruk	-
8. Årets budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykingar)	80 335
9. Stryking av overføring til investering	-
10. Stryking av avsetting til disposisjonsfond	-80 335
11. Stryking av dekking av tidlegare års meirforbruk	-
12. Stryking av bruk av disposisjonsfond	-
13. Meir- eller midreforbruk etter strykingar	-80 335
14. Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets meirforbruk etter strykingar	-
15. Bruk av disposisjonsfond for inndekking av tidlegare års meirforbruk	-
16. Bruk av mindreforbruk etter strykinga til disposisjonsfond	-
17. Avsetting av mindreforbruk etter strykingar til disposisjonsfond	-
18. Framført til inndekking seinare år (meirforbruk)	-

4. Andre oversikter

4.1 Oversikt over bunde fond og disposisjonsfond

Bundne fond	Regnskap 2024
55100020 Fond StikkUT!	- 75 000
55100202 Fond ro og padleruter	- 300 000
55100204 Fond friluft og ferdselsårer i Lærdal	- 60 000
55100206 Fond friluftsskulen	- 383 750
Sum	- 818 750

Disposisjonsfond	
55600000 Disposisjonsfond	- 316 565
Sum	- 316 565